

Dugnad i barnehagen og gladnyhende

05.05.2015



Glade og blide born som er takksame for gåva frå Byggeriet, Uskedal Trelastlager AS

**I sentrum av bygda vår ligg Uskedalen oppvekstsenter med skule og barnehage tett i tett. Skulen og barnehagen er vel bygda sitt mest nytta areal i kvardag og fritid. Her har den oppveksande generasjonen sitt daglege virke.**

I fritida og til høgtid trekker bygdefolket til oppvekstsenteret, for ulike fritidsaktivitetar, møter, sosiale samlingar, festar og markeringar, t.d. 17 mai feiringa. Oppvekstsenteret sitt uteareal blir hyppig nytta av turistane som kjem til bygda vår, og borna har stor glede av utearealet med fotballbane, disser, sklier og leikehytter.

Oppvekstsenteret har ein stor nytteverdi for bygda vår, og er på sett og vis eit viktig monument for ei bygd i utvikling og vekst.

Eit bygg og eit uteareal med stort brukskapasitet vil naturlegvis få stor slitasje, noko barnehagen sitt uteareal ber tydelig preg av. Over år med nedskjeringar i budsjett, og underbudsjettering har det gått hardt ut over vedlikehaldet av uteareale vårt.

#### **Mai er tida for dugnad i bygda vår.**

Oppvekstsenteret skal til glede for alle ordnast til 17. mai og folkefest. Med avgrensa midlar til vedlikehald og pynting av uteområdet vårt var vi byrja å vurdere om det i det heile var tenleg å ha dugnad Personale og barn kunne sjølve rake, koste og rydde søppel som låg langs gjerdet. For å ha dugnad måtte ein jo i realiteten kjøpa inn både maling, penslar, blomar og blomstermold, noko som nedskjeringane i budsjettet vårt ikkje gav rom for.

#### **Så kom GLADMELDINGA.**

**Uskedalen Trelastlager Byggeriet gav Uskedalen barnehage 10 liter med maling, og 4 stykk malarpenslar. HURRA!!!! Tusen takktil Byggeriet!!!!**

Born og vaksne gleda seg stort, no blir det dugnad i barnehagen **onsdag 13 mai, kl 18.00**. Sårt tiltrengt maling på leikeapparat, leikehytter og benker skal på plass, samt rydding, kosting, raking og planting. Barnehagen tek fram bålpanna, og serverer saft og kaffi. Dei som ynskjer grillmat, tek med seg det. Vi lagar ei hyggelig stund med dugnad og sosialt samvære. Alle er velkommen til å delta.

Fint om de melder frå til barnehagen på førehand om de kjem, og eventuelt kor mange som kjem.

Tlf 534 61850 eller 53461852

**Med beste helsing Ann Irene Sæle, styrar.**

Nett: Thor Inge Døssland